

Julegavepapiret er restavfall

25.12.2013

Har du eit lite berg av julegavepapir etter opninga av gåvene i går? Då må du ikkje gjera den same feilen som så mange gjer - å kasta det fargerike papiret i papirdunken. Det høyrer saman med restavfallet fordi det ikkje kan resirkulerast med eit godt resultat.

Det er store kvanta det gjeld. Her i landet brukar vi 60 millionar meter gavepapir i samband med jula. Det tilsvarar 2700 tonn søppel.

Hvis ein kastar gavepapiret i papirdunken vert det dårlegare kvalitet under resirkuleringa. Sats på eigne sekkar for dette papiret og gavebanda, lyder oppmodinga frå reinhaldsverka, inkludert SIM.

Foto: Geir Remme